

Vi vil tilby noko ekstra

Sumobryting, allsong eller biltur. Det er mykje ein kan vere med på som kreftpasient ved Haukeland universitetssjukehus.

Tekst Lilly Vinje, trivselskoordinator ved Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk ved Haukeland universitetssjukehus
Foto Haukeland universitetssjukehus



KUNSTHISTORIKAR:
Trivselskoordinator Lilly Vinje har bakgrunn frå kulturfeltet og mastergrad i kunsthistorie.

I snart eit år no har eg jobba som trivselskoordinator ved Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk ved Haukeland universitetssjukehus. Stillinga, som er på 40 prosent, består i å ha eit auga både til omgivnaden og «fritidstilboden», sett frå eit pasientperspektiv. Reint konkret kan det for eksempel dreia seg om korleis veggane er dekorert i ei oppholdsstove eller tilskiping av eit kulturtelt innslag. Tanken bak er at me ynskjer å tilby noko ekstra for pasientane våre og familien deira, og me er den einaste avdelinga på sjukehuset med ei sånn stilling.

Konsertar og film

Eksempel på tiltak eg har arrangert er konsertar og filmvisinger. Me er så prioritert at me har eit eige atrium som kan husa diverse program, med andre ord treng ikkje pasientar bevega seg vekk for å oppleva noko og me slepp undersøkja lån av lokal. Frammøtet var stort då Leif Ove Andsnes kom for å spela - det var jo nærmast musikkterapi! Og me har også hatt allsong. Musikk kan ha ein positiv innverknad og ved ei anledning trilla sogar ein pleiar ein pasient bort til konsertlokalet i senga. Her drar alle i samme

retning for at pasientane skal ha det bra.

Alt i alt bidrar sørne ting til at pasientar får føla seg «normale», at det også finst tilbod som ikkje går direkte på noko behandlande. Eg kallar det eg driv med for kulturell helsepolitikk. Kultur, for å seia det med eitt ord, er berikande og derigjennom å få tankane over på noko anna enn sjukdom kan gi sjukehuskvarden eit oppløft.

Fleire kanalar

Eg har eigne oppslagstavler på venterom og liknande og postleiarane mottar program som dei kan hengja opp på romma. I tillegg har kommunikasjonsavdelinga designa nettstad, logo, flyers og roll up. Ut over det bruker eg å leggja ut program på intranett der eg har eit eige punkt på avdelinga si side og får kommunikasjonsavdelinga til å publisera på digitale skjermar og eventuelt på Facebook når det er aktuelt. Dermed er tiltak synlege gjennom fleire kanalar.

Eg har «formelle» møte med seksjonsleiarane kvart halvår. Dei har ansvar for finansiering, som primært skjer ved å sokja Pasientvelferdskomiteen.

Me baserer oss på at artistar stiller

gratis for å underhalda pasientar og pårørande, og det pleier dei vera veldig velvillige til.

Ein annan ting som er spesielt for Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk ved Haukeland er at me er så heldige å ha ein pasientbil. Hin dagen vart den eksempelvis lånt ut til ein strålepasient som ville ta seg ei utflykt til Øygarden. Etterpå treng pasientane berre fylla like mykje bensin som dei har brukt.

Fritidsrom

Til slutt har eg lyst å nemna at Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk har eit eige fritidsrom for undom og unge vaksne: Ungdomsrommet. Det kom i stand via midlar frå Krafttak mot kreft. Også her går det i at me tar på oss «pasient-briller» og ser verdien av å kunna komma til eit rom som skil seg ut frå vanlege pasientrom og som minner om heime. Tv, x-boks, playstation, wii og liknande, pluss brus, sjokolade og så vidare finst på rommet. Ut over det «stasjonære» arrangerer eg av og til forskjellige saker, for eksempel hadde me nettopp sumobryting. Positivt og morsomt, sa ein ung pasient om det. Det er her det skjer!